

Referat idrettslaget sin turmarsj på Fedje 1. mai 2021

Etter avlysing i fjor var det nok ein gong duka for dette tradisjonsrike arrangementet, som har halde det gåande på Fedje sidan 1986. Før 1986 skal det ikkje ha vore vanleg å gå rundt i marka, slik det er i dag etter at turmarsj-traseen utvikla seg til i bli ein del av Nordsjøløypene her på vestlandet. Det var heile 140 deltakarar, det meste på mange år, i fint vårvêr. Som vanleg 5 postar undervegs med 5 spørsmål på kvar, og 3 svaralternativ på kvart spørsmål. Snittresultatet var 16,5 av 25 poeng, som er nokså normalt.

Annika Tvedt Villanger gjekk til topps tilbake i 2010, og i år var det dottera Mathilde, født fem år seinare, som gjentok bedrifta. Ho var den einaste med alt rett, noko det er nær 20 år sidan sist nokon klarte. Normalen er elles at familiar går i lag og samarbeider, og sjølv om Mathilde bidrog med svar på barnespørsmål skal ein skal ikkje leggja skjul på at mannen på andreplass, Mathilde sin pappa Bjarte Villanger, har hatt ei viktig rolle, både i 2010 og i år. Han er den som på vegne av vinnaren står for sigersintervjuet, då Mathilde hadde lagt seg då telefonen med den glade beskjeden kom.

«Heilt ærleg, Bjarte, er det litt bittert at det heller ikkje denne gongen er du som står øvst på lista?»

«Slett ikkje! Me sa før start at det viktigaste var at sigeren hamna internt i familien, men når to av oss hamnar øvst på pallen ... kva skal ein seia? Dobbeltsiger er ein draum, heilt spinnvilt! At det var Mathilde som stakk av med førsteplassen, det er ein siger også for meg, og heile familien», forsikrar Bjarte, som fortel korleis familien delte seg opp der dei var svært usikre, mellom anna spørsmålet om kva som er opphavet til lengda av ei engelsk mil.

«Eg har lenge etterlyst å kunne betala ekstra for å få nokre heil- og halvgarderingar, altså utover det ein kan få til gjennom å samarbeida internt i familien, men heldigvis vart det ikkje behov for det i år.» Han legg til at han er godt nøgd med at arrangøren har tatt lærdom av den teknologiske utviklinga, og lagt til ein del spørsmål kor det ikkje er så lett å google med mobilen. På spørsmål om han hadde trua på at sigeren skulle gå til nokon i familien, stadfestar han dette.

«Eg følte det gjekk veldig bra. Eg var forberedt på at Otto (Nordby) m/familie kunne bli ei hard nøtt å knekke, så eg er ikkje overraska over at dei var hakk i hæl.» Bjarte og Otto vart skilt på tiebreakeren om 2. plassen, då dei begge hadde 24 av 25 poeng.

Spørsmåla bestod som vanleg av ein god miks av lokale spørsmål, samfunnsaktuelle tema, fotball, noko for barn og unge, samt allmennkunnskap og nokre logiske nøtter.



Øvst: Ein kohort med tre ektepar drøftar spørsmål på post nr. 2. Frå venstre: Ove Villanger, Svein M. Storemark (bak), Terje og Tone Storemark, Gerd Marie Villanger og Anna Marit Storemark. Ove og Gerd Marie er besteforeldra til Mathilde som gjekk til topps, og som viser vinnar-teiknet nedanfor.



Historikk frå og med 2009:

År	Vekedag	Tal deltakarar	Vinnar	Av 25		Merknad
				Vinnarpoengsum	Snittpoeng alle deltakarar	
2021	Lørdag	140	Mathilde Tvedt Villanger	25	16,5	
2019	Onsdag	127	Trond-Willy Færøy	22	15,9	
2018	Tirsdag	129	Marius Øien	21	16,2	
2017	Måndag	112	Tormod Olsen	24	18,5	
2016	Søndag	104	Klara Hagen	22	17,5	
2015	Fredag	122	Arvid Skogseth	22	16,5	
2014	Torsdag	113	Klara Hagen	22	15,7	
2013	Onsdag	*66	Kjetil Berg Hansen	22	15,1	*Kraftig vind og regn
2012	Tirsdag	120	Sebastian Vangsnes	23	16,7	
2011	Søndag	96	Arild Karlsen	21	16,5	
2010	Lørdag	94	Annika Tvedt Villanger	22	16,8	
2009	Fredag	124	Kamilla Kleppe Karlsen	21	13,1	

Resultatliste

(Kun dei ei med minst 18 poeng, full resultatliste er sløyfa, øvrige kan ev. rekna ut eigen poengsum ut frå kva dei svarte opp mot fasit)

Plassering	Namn	Tips på tiebreaker (18 var rett svar)	Poengsum av 25
1.	Villanger, Mathilde Tvedt	6	25
2.	Villanger, Bjarte	9	24
3.	Nordby, Otto André	8	24
4.	Villanger, Anna Tvedt	11	23
5.	Nordby, Stine	7	23
6.	Villanger, Annika Tvedt	2	23
7.	Nordby, Sanna	10	22
7.	Erstad, Siri	10	22
9.	Nordby, Selma	7	22
10.	Nordby, Sondre	12	21
11.	Leknes, Johannes Erstad	8	21
12.	Leknes, Marie Erstad	7	21
13.	Leknes, Solveig Erstad	6	21
14.	Husa, Tino	37	21
15.	Husa, Levin	38	21
16.	Sætre, Natalie	40	21
17.	Husa, Leah Karin	45	21
18.	Stormark, Andreas Solbakk	12	20
19.	Færøy, Trond-Willy	28	20
20.	Husa, Camilla	30	20
21.	Husa, Lisa	35	20
22.	Husa, Mette	39	20
23.	Husa, Andreas	40	20
24.	Bøstrand, Peder	41	20
25.	Husa, Emilio	43	20
26.	Herøy, Emilie	16	19
27.	Øien, Marit	14	19
28.	Herøy, Emmi	14	19

29.	Stormark, Steinar	12	19
30.	Øien, Marius	27	19
31.	Herøy, Frida	27	19
32.	Færøy, Ariel Andersen	28	19
33.	Færøy, Aurora Njøten	28	19
34.	Aadland, Elin	7	19
35.	Husa, Lukas Emil	45	19
36.	Nilsen, Ida-Marith	16	18
37.	Huus, Ketil	13	18
38.	Aldous, Kris	12	18
39.	Stormark, Karoline Solbakk	9	18
40.	Øien, Stig	9	18
41.	Olsnes, Øystein Aadland	8	18
42.	Olsnes, Peder	8	18
43.	Stormark, Line Solbakk	7	18
44.	Olsnes, Benedikte Pletten	6	18
45.	Gullaksen, Silje	31	18
46.	Wiken, Olai F.	34	18
47.	Hatlem, Lene Kristine	10	18
47.	Hatlem, Martin	10	18
47.	Osebakken, Camilla	10	18
47.	Hatlem, Andreas	10	18
51.	Nordøy, Trym Gullaksen	37	18
52.	Wiken, Laura Steinsbø	39	18
53.	Nordøy, Gard Gullaksen	39	18
54.	Gullaksen, Tonje Hernar	40	18
55.	Hatlem, Randi	40	18
56.	Nordøy, Erle Gullaksen	44	18
57.	Hernar, Edel	49	18
58.	Meidell-Wiken, Estella	50	18
59.	Hernar, Magnus	52	18
60.	Hansen, Katrine Fagerlid	68	18
61.	Wiken, Even Fagerlid	100	18

Fasit: Alternativet i **kvitt på svart** er det riktige. I parentes står det kor mange prosent av deltakarane som svarte det alternativet.

1. Om ein er ung og uerfaren heiter det gjerne at ein ikkje er tørr [.....]”

1) I bleia (5 %)

X) Bak øyra (95 %)

2) Under føtene (0 %)

2. Kva parti representerte Fedje-rådmannen Gjermund Hagesæter på Stortinget?

1) Venstre (2 %)

X) Høgre (2 %)

2) Frp (96 %)

3. Kva betyr links?

1) Venstre (100 %)

X) Høgre (0 %)

2) Frp (0 %)

4. Om lengda av eit tau er [15 meter pluss lengda av halve tauet], kor langt er heile tauet?

- 1) 15 meter (2 %) X) 22,5 meter (87 %) 2) 30 meter (11%)

$x = 15+x/2$, som gjev $x = 30$. Om tauet er 30 meter langt er halve lengda 15 meter, og tauet er då $15+15 = 30$ meter langt.



5. Kven er dette?

- 1) Pappaen til reality-profil Aleksander Sæterstøl (16 %) X) Pappaen til reality-profil Adrian Sellevoll (47 %) 2) Pappaen til komikar Kevin Vågenes (37 %)

6. Kven stel nøtter i kjellaren hjå Ekorn-Jensen i Hakkebakkeskogen?

- 1) Bamsefar (0 %) X) Klatremus Lillemann (89 %) 2) Mikkel Rev (11 %)

7. Kven debatterte mot kvarandre om korona-restriksjonar i Debatten på NRK denne veka?

- 1) Bent Høie og Raymond Johansen (2 %) X) Lothepus og Charter-Svein (98 %) 2) Kari Jaquesson og Thomas Seltzer (0 %)

8. Kva var det høgste talet på tilskodarar for Brann i ein heimekamp i Eliteserien i 2020?

- 1) 600 (89 %) X) 6000 (4 %) 2) 16000 (7 %)

9. Kven gjekk under namnet Lilleba då ho var lita?

- 1) Kristin Beate Handeland (5 %) X) Beate Storset Husa (18 %) 2) Brit Gunn Tangen (77 %)

10. Ein Eliteseriekjubb har vunne halvparten av dei 20 kampane dei har spelt så langt. Kor mange kampar på rad må dei vinne for å auke seiersprosenten til 60 %?

- 1) 2 (35 %) X) 4 (21 %) 2) 5 (44 %)

10 sigrar på 20 kampar blir med 5 sigrar på rad til 15 sigrar på 25 kampar, som er 60 %.

11. Kven er Masha og Mishka?

- 1) Ein gut og ein tiger (1 %) X) Ei jente og ein bjørn (98 %) 2) Ein mann og ein ulv (1 %)

12. Kven innførte første gong 1. mai som fridag i Noreg?

- 1) Vidkun Quisling (43 %) X) Einar Gerhardsen (54 %) 2) Gro Harlem Brundtland (3 %)

Quisling si ulovlege regjering innførte fridagen i 1942. Den vart fjerna i 1945, men innført att i 1947.

13. Kva type produkt frå vårt lokale bryggeri Freddie Distillery vart nyleg tildelt gullmedalje i London Spirits Competition?

- 1) Øl (1 %) X) Whisky (4 %) 2) Gin (95 %)

14. Kven vart toppscorar for A-laget til klubben sin som 17-åring, og vann eit seinare år Tippeligaen som spelar for den same klubben?

- 1) Steffen Iversen (65 %) X) Erik Huseklepp (14 %) 2) Knut Torbjørn Eggen (21 %)

Toppscorar i RBK i 1978, fylte 18 år like etter sesongslutt. Vann Tippeligaen i 1990 med same klubb, same år «Tippeligaen» vart innført.

15. Kva er opphavet til distansen "engelsk mil" (1760 yards = 1609,344 meter)?

1) Kong Georg II av Storbritannia døydde i 1760, og for å heidra hans minne valgte ein 1760 yards då ein skulle fastsetja lengda på ei (engelsk) mil, som frå før av hadde ulike definisjonar som tilsvarar om lag 1500-2000 meter (9 %)

X) Utgangspunktet var den romerske mila, som var 2000 skritt (1000 skrittsekvensar, mil=mille som er 1000 på italiensk). At det formelt sett endte opp med 1760 yards ($8 \cdot 10^2 \cdot 22$) er nok litt tilfeldig, men heng saman med at talet 1760 er deleleg med svært mange tal (65 %)

2) Opphavet er 1000 gonger (mil=mille som er 1000 på fransk) høgda av kong Ludvig XIV (solkongen), som var om lag 1,61 m høg (26 %)

16. Kva betyr "pommes" på fransk?

1) Potet (47 %)

X) Eple (53 %)

2) Appelsin (0 %)

17. Influensaren Sophie Elise vart nyleg kåra til årets Gullbarbie. Kva var grunngevinga?

1) Ho er den aktøren som har vore best på å få ungdom til å føla seg verst (85 %)

X) Av konkurransen sine påmeldte var ho den som likna mest på ei barbedukke (5 %)

2) Med sine sjølvutleverande bøker er ho det beste forbildet blant influensarar (10 %)

18. Kva lagrar kamelen i puklane sine?

1) Vatn (41 %)

X) Mjølkk (0 %)

2) Feitt (59 %)

19. Kor mange prosent av fergeavgangane til og frå Fedje i løpet av ei veke er på same klokkeslett som før Fjord1 overtok frå Norled 1. januar 2020?

1) Om lag 25 % (76 %)

X) Om lag 50 % (18 %)

2) Om lag 75 % (6 %)

20. Frithjof og sonen Frank måler eit lite hus. Frithjof jobbar dobbelt så raskt som Frank. Frithjof ville brukt 6 timar på å måle heile huset åleine, medan Frank ville brukt 12 timar. Kor lang tid bruker dei om dei målar huset i lag?

1) 4 timar (44 %)

X) 4,5 timar (37 %)

2) 9 timar (19 %)

Sidan Frithjof målar dobbelt så raskt målar Frithjof $\frac{2}{3}$ av huset og Frank $\frac{1}{3}$. $\frac{2}{3}$ av 6 timar (og $\frac{1}{3}$ av 12 timar) er 4 timar.

21. Kva er tittelen til den øvste leiaren til Lokomotivet Thomas?

1) Stasjonsmeisteren (47 %)

X) Kontrollsjefen (41 %)

2) Overkonduktøren (12 %)

22. Kven sang om White Christmas?

1) Chandler Bing (3 %)

X) Bing Crosby (88 %)

2) Bill Cosby (9 %)

23. Obama sette ny rekord i tal røyster ved presidentvalet i USA i 2008 med 69 millionar røyster. Kor mange røyster fekk Donald Trump i 2020 då han tapte for Joe Biden?

1) 74 millionar (83 %)

X) 93 millionar (10 %)

2) 112 millionar (7 %)

24. Om lag kor langt har du no gått på denne turmarsjen? (Meir presist: kor langt er det frå hallen, via bilvegen sørover mot Høgda, inn i den korte Nordsjøløypa til her du står no.)

1) 3,5 km (22 %)

X) 3,9 km (52 %)

2) 4,3 km (26 %)

25. Kva skjedde først?

1) Turmarsjen på Fedje vart arrangert første gong (18 %)

X) Ernst Horgen byrja som lege på Fedje (61 %)

2) Påskentøttene vart sendt på TV første gong (21 %)

26. Tiebreaker, tipspørsmål som blir avgjerande om det skulle bli delt førsteplass:

Kor mange baklengsmål hadde Fedje smågutelag totalt i 1995 og 1996, på i alt 34 kampar? Til info var

quizmasteren smågutelaget sin keeper i alle dei 34 seriekampane. **Målskilnaden var 70-11 og 91-7 dei to åra, altså totalt 18 baklengsmål.**